



# KARANTENENEMNDA

John-Ragnar Aarset

Vår dato	Din dato	Vår referanse
1. desember 2021	4. november 2021	2021/57

## **Avgjerd i samband med overgang til stilling som konserndirektør for kommunikasjon og samfunnkontakt i Avinor AS**

Vi viser til di melding til Karantenenemnda 4. november 2021.

### **Vedtak**

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du skal ha karantene på fire månader i samband med overgangen fra embete som statssekretær i Samferdselsdepartementet (SD) til stillinga som konserndirektør for kommunikasjon og samfunnkontakt i Avinor AS.

Karantenetida blir rekna frå fråtreden 14. oktober 2021 og gjeld til og med 14. februar 2022. Karantene er gjeve med heimel i karantelenova § 6 bokstav a) og c). Du får ikkje saksforbod.

### **Rettsleg grunnlag**

Av karantelenova § 6 går det fram:

*Karantenenemnda kan, ved overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringsvirksomhet, i særlige tilfeller ilegge en politiker karantene, i inntil seks måneder etter fratreden når*

- a) *det foreligger en konkret forbindelse mellom politikerens tidligere ansvarsområder, arbeidsoppgaver i den politiske stillingen eller bestemte saker som var til behandling i departementet i politikerens funksjonstid, og interessene til den virksomheten politikeren blir tilknyttet eller etablerer, eller*
- b) *politikerens tidligere ansvar og arbeidsoppgaver har gitt eller kan gi virksomheten politikeren blir tilknyttet eller etablerer, særlige fordeler, eller*
- c) *overgangen på annen måte kan være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen generelt.*

Av karantelenova § 7 går det fram:

*Karantenenemnda kan i særlige tilfeller, dersom ett eller flere av vilkårene i § 6 er oppfylt, ilegge en politiker saksforbud i inntil tolv måneder etter fratreden. Saksforbud kan ileses i stedet for eller i tillegg til karantene.*

*Dersom det foreligger særlig tungtveiende grunner, kan det ileses et saksforbud i inntil tolv måneder i tillegg til en karantene på inntil seks måneder.*

### **Saksforholdet**

Du har vore statssekretær i Samferdselsdepartementet frå 9. mars 2020 til 14. oktober 2021. Du har hatt ansvaret for jernbane- og drosjepolitikken, og for eigarstyring av selskap og føretak som er eigd av SD. Du har også hatt ansvaret for koronatiltak og for saker som gjeld samfunnstryggleik i samferdselssektoren. I tillegg har du delteke i arbeidet med Nasjonal transportplan.

Du skal starte i stillinga som konserndirektør for kommunikasjon og samfunnskontakt i Avinor AS. Avinor er eit statleg heileigd selskap under SD. I stillinga skal du ha hovudansvaret for Avinor sin kommunikasjon internt og til media og offentlegheita. I tillegg skal du ha eit ansvar for Avinor sin kontakt med eksterne samfunnsaktørar.

### **Karantenenemndas vurdering**

Karantenenemnda har vurdert om overgangen er eit særleg tilfelle som grunngjev karantene og saksforbod, og har kome fram til at vilkåret er til stades. Karantene blir ilagt med heimel i karantenelova § 6 bokstav a) og c).

Karantenenemnda meiner det er naudsint med karantene for å sikre omsynet til forvaltninga. Det er ikkje ønskeleg at det kan bli reist spørsmål om ein tidlegare politikar nyttar informasjon og kunnskap frå embete som politikar i ny stilling. Eit tidsmessig opphold som ei karantene inneber bidrar til å oppretthalde omsynet til det politiske systemet og forvaltninga.

Karantenenemnda legg vekt på at du har kunnskap og innsikt om politiske prosesser og arbeid som Avinor har ei interesse av. Ei karantene vil unngå mistanke om at informasjon og kunnskap blir nytta til å øve påverking på vegne av Avinor AS. Eit slikt rollebyte, utan restriksjonar, kan medverke til at omsynet til forvaltninga blir svekka. På tross av at du går ut av politikken i samband med eit regjeringsskifte vil omsynet til å oppretthalde omsynet til forvaltninga og det politiske systemet grunngje karantene ved denne overgangen.

### **I karantenetida**

Karantene går ut på at du ikkje kan ha kontakt med Avinor AS i karantenetida. Du kan berre ha kontakt av praktisk art som typisk skjer nær oppstart, for å førebu oppstarten i stillinga.

### **Godtgjersle**

I karantenetida har du rett til full kompensasjon for lønn tilsvarende di lønn på tidspunktet for fråtreden, med tillegg av feriepengar, jf. karantenelova § 8.

### **Rett til ny vurdering mv.**

Du har rett til å be Karantenenemnda om å gjera ei ny vurdering. Dette må du kreve innan fem dagar etter at du har motteke dette brevet, jf. karantenelova § 3 tredje ledd.

Eit søksmål om gyldigheita av Karantenenemnda sitt vedtak kan du ikkje reise utan at det er krevd ny vurdering, og ny vurdering er gjort, jf. karantenelova § 3 femte ledd.

### **Rett til innsyn**

Etter forvaltningslova § 18 jf. § 19 har du rett til å sjå dokumenta i saka.

**Informasjonsplikt**

Avgjerda i denne saka gjeld den konkrete overgangen som er behandla. Dersom du innan eitt år går til ei ny stilling eller eit nytt verv må du melde inn dette til nemnda for vurdering.

Med helsing

Reidun Slåen (e.f.)

Henrik Rydland Akslen

*Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneholder ikkje signatur.*

Kopi:

Statsministerens kontor  
Samferdselsdepartementet  
Avinor AS